- Ekstremt lang tid vedr saksbehandling for plan og byggetjenester, og svært dyre søknader. Umulig å kjøpe tomt for å bygge bolig. Veldig dårlege veger som ødelegger bilene. Opplever at en får mase seg til tjenester eller svar på ting, mange oppleves veldig lite serviceinnstilt, og så er der noen lysglimt som er utruglig kjekke å ha å gjøre med.
- Økonomi - les stadig om dårleg økonomi, her bør det takast grep slik at dei lovpålagde tenestene får midlar til å sikre drifta og det som er "kjekt å ha" må få lågare prioritet.
- Eg saknar ein konkret, langsiktig plan for korleis Hareid Kummune skal utvikle seg til å bli ei økonomisk robust kommune. Med god økonomi kjem som kjendt spelerom for å øke trivselen og bu-lysta til innbyggjarane, og dermed bli meir attraktiv for innflyttera. Vi kan gjerne drøyme om 200 arbeidsplassar som følge av at vi bur ved sjøen, men det er ikkje slike tankar eg saknar. All støtte til næringsliv og idrett burde ha vore innskrenka til det absolutt marginale, så lenge dette ikkje kan reknast heim 1:1 i form av midlar som ikkje kan nyttast til andre formål. Vi kan ikkje bygge idrettshaller(sjølv om brorparten er midlar), bruke pengar på sjøfyllingar ved privateigde sjøbudar (!) og gi støtte til viking-landsbyer samtidig som vi planlegg kutt i sektor for velferd. Barn, eldre og lovpålagde tjenester må prioriterast, deretter kan vi bruke pengar på "kjekt og ha".
- Beger og vedlikehald av uteområdet
- ??
- Inntrykket av kommuna er fortsatt noke dårleg. Fortsatt mykje negativ omtale mellom folk og delvis i media. Mykje av dette går på spørsmål om pengebruk og budsjett disiplin samt politiske beslutninger med ukjente

økonomiske rammer. Alt dette medfører negative konsekvenser for økonomien.

- Kloakk Renseanlegg bør vurderast !
- Inntrykk av dårleg økonomisk styring i velferd med fare for dårlegare tilbud for dei eldre.
- Plassering av helsehus og traffikale problem
- Holstadkrysset. Gatelys Melshornfeltet- Hareid stadion. Tilrettelegging av turstiar. Halde på viktig industri/verksemd i kommuna. Nye butikkar/næringsverksemd. Kjøpmannsgata.
- Psykisk helse for barn og ungdom
- Industri i sentrum. Ferjekai. Få møteplasser/sosialt for alle. Åsen dalen/parken. Fartshumper i nærområder ved kryss. Ingen overgang ved riksvei i myrane. Veinett/gangvei til barneskole.
- Å få ned eiendomsskatten
- Kostnadsoverskridelser på diverse itbyggingar.
- Fantehuset
- Prikært - nye tomter i Hjørungavåg . Utviding av gymsalen i Hjørungavåg slik at idrettslaget og borna får trene heilårlig og at skulen og innbyggjarane treng større sal til i skuletida og arrangement.
- Har ikke lyktes i å etablere kommunale tomter utenfor sentrum. Har heller ikke lyktes å bevare dyrka mark selv om dette har stått på agendaen.
- Kommuna har ikkje lykkast å gjere noko med det tomme og kjedelige Parkområder der andedammen låg før.
- Administrasjon har store problemer med å kunne kalkulere rett pris på bygg og anlegg som skal byggast.

- Vedlikehald av kommunale vegar er særst dårleg. Kommunen har dårleg tilrettelegging for at vanskelegstilte kan få moglegheit til og få seg eigen bustad. Altfor lite i startlån potten frå husbanken i samanlikning med til dømes Ulsteinvik, ser dei kan få fullfinansiert kjøp av bolig gjennom startlånsordninga utan eigenkapital så lenge dei har betjeningsevne.
- Leikeplass.
- Enkelte politikarar verkar å arbeide meir for sine egne/kjenningar sine interesser enn til det beste for fellesskapet. Skulle nokre gonger ønskt meir profesjonalitet frå både politikarar og enkelte kommunalt tilsette. Det er slikt som byggjer tillit i staden for å drage tilliten og dermed omdømmet ned.
- Turstiar. Gatelys langs alle vegar i kommunen. Holstadkrysse. Legge tilrette for nye arbeidsplassar.
- Attraktive tomter i sentrum. Strategisk drift på tvers av kringsgrenser.
- Det er nesten uutholdelig for ungdommer å vokse opp her. Det er et elendig fritidstilbud for ungdommer og barn som ikke bryr seg om idrett.
- Sykehjem og eiendomsskatt
- Gjere det attraktivt for småbarnsfamilier. Få meir liv i bygdene. Få barnehagar i bygdene, ikkje i sentrum!
- Fleire aktivitetstilbud til born og unge, dårlig vedlikehold av nokre veiar
- Økonomisparing
- Manglande feiing av skorsteinar over fleire år. Parkeringsreglar som gjer Hareid sentrum lite attraktivt.
- Få vekk eiendomsskatten eller redusere den.
- Kommunen har brukt for mye penger. Hadarhallen og helsehuset skulle ikke vært bygget på samme tid. Resturering av rådhuset kunne ventet et år

eller to. Det må slite på pasienter og betjening på sjukeheimen, som alltid må høre at det er der det skal spares penger.

- Det bør bli større fokus på barn og unge, og å gjøre det attraktivt å bo i Hareid kommune slik flere ønsker å bo her. Blant ungdommen nå er det et typisk råne og rus-miljø som gjør det mindre interessant for noen unge å bli værende.
- Det blir for mykje å nemne her, av saker som kommunen ikkje har lukkast med. Litt av grunnen til at kommunen ikkje rekk over det som er sjølsagde oppgåver i meir levedyktige kommunar, er den stadig tronge økonomien. Og notabene! : På grunn av at kommunen har vent seg til eit labert nivå på grunn av økonomivanskar gjennom mange år , har ny administrasjon og nye folkevalde vendt seg til å agere som om dette er gjengs standard i norske kommunar. Sanninga er at det er ein horribel avstand mellom Hareid sin standard og kommunar vi gjerne vil samanlikne oss med. Å angripe omsorgssektoren i arbeidet med budsjettarbeidet fordi denne sektoren er kronemessig stor, er eit vonlaust prosjekt. Mange klagar på for mykje folk i administrasjonen. Alt er like gale. Ein bør tilstrebe meir folk til å legge til rette for alt som manglar i Hareid Kommune. Ein må tilstrebe dyktigare politikarar som meir er opptekne av å bygge demokratiet enn å bygge opp partiet, samstundes som dei overlæt alt til administrasjonen utan å ha evne til eigeninnsats. Dette gjeld arbeid mot overordna styresmakter på psykologisk og pedagogisk høgt politisk nivå. Folket og politikarane må slutte å kaste skit til administrasjonen i gater og på torg og dermed svekkje arbeidslysta til overarbeidde tilsette. Det må meir handle om å sette dagsorden på høgt nivå for å marknadsføre Hareid kommune sine ambisjonar over for storting og regjering heile tida med kreative innspel, og med god innlevingskraft for å vise at Hareid kommune får altfor lite skattemidlar i høve til lovfesta krav frå innbyggjarane.
- Forskjellsbehandling av vassforsyning, der nokre får vassledning dekt fram til eigedom av kommunen/løyving av politikarane - fordi folk ropar og styrer i media og lagar støy. Mens andre som vil ha, og ventar tolmodig får det ikkje! Skulle ikkje tru ein budde i same kommune! F O R S K J E L L S B E H A N D L I N G!
- økonomisk, psykisk helse og rus, møteplassar/lavterskeltilbod for ungdom
- Økonomisk styring. Rekruttering av kompetanse (sentraladm., samfunnsutvikling)

- Tilbod til eldre/eldreomsorg. Realisering av fleire kommunale (eller private) omsorgsbustader for eldre. Det er no overflod av parkeringsplassar i sentrum, ein bør revurdere modellen for betaling/friplassar for å stimulere innbyggjarar på søre sunnmøre til reise og arbeid i Ålesundregionen.
- Prioritering av skulesektoren..
- Det har vorte lagt nye rør i en vei på Vågsleitet på Hjørungavåg for et par år sidan og det vart lovt å asfaltere. Ingen ting har vorte gjort. Store holer i vegen som blir fylt igjen med asfalt som varer en kort periode. Då regna eg med at HK vil erstatte bilane som får ødelagt understellet på bilane våra.
- Snømåking på vei og kommunale plassar, flere fortau som har vert TOTAL mangel på snørydding. Samt veivedlikehold. Kutting i eldre omsorg i budsjett. Mangel på attraktive tomter for folk å kjøpe til etablering. Ladestasjon for EL bil, parker-lade-reise/jobb mulighet. Nå har det vert corona, men tilrettelegging for festival / arrangement for den ungdommelige alder. Å sette Hareid på kartet igjen.
- Burde være med butikker i kjømannsgata. Mangler sko og klesbutikker.
- Mykje positivt som har skjedd i høve til sentrumsutvikling, men føler at mange lid gjennom prosessen med oppgradering av vegar etc i sentrum ift graving og vegarbeid osv. Ting tek skrekkelig lang tid. Har prøvd å få kontakt med kommuna ift ein problemveg ved boligen vår. Men har ikkje høyrte eit pip og no har det gått eit år. Forsøpling langs vegar og turstiar, også frå private som forsøplar tomtene sine til fortvilning for naboar og forbipasserande, blir ikkje teke tak i. Ting som lett kan gjere trivsel betre bør de jobbe med å ta tak i fort. Eldreomsorga må også prioriterast med handling...ikkje masse planar som aldri blir sett ut i livet og med store visjonar ein aldri kan nå.
- økonomisk styring
- Lekeplasser eller aktivitets park til alle ungdoms alder i centrum.
- Oppgradering av parken i Åsendalen. Få til uformelle møteplassar. Forhindre at det nye Coop-bygget har ei bakside mot miljøgata som ser ut som eit fengsel og som sperrar utsikta mot sjøen for store deler av gata.

Legge til rette for lokaler og fritidsaktiviteter for "uorganiserte" barn/unge. Få tak i/gjere det attraktivt for legar å søkje seg til Hareid.

- Skape arbeidsplasser og prioritere at ungdommer som er arbeidsledige får arbeid isteden for at kommunen også tilsett /bruker « ferdigutdannet østeuropeere».
- **Har du noen andre konkrete forslag til forbedringer?**
- Det trengs fleire møtestadar slik at folket kan kjenne seg inkluderte. Eit totalinntrykk av at bygda er litt "klikkete" og at det ikkje er like lett for alle å kjenne seg heime, dessverre
- Generelt nøgd med å bu i Hareid.
- Vi treng eit meir levande sentrum med fleire møteplasser. Vi treng å få bygd scena i Parken med skjerm for ver og vind og off. toalett. Knyte Parken og scena i hop med Kjøpmannsgata. Kombinere Hareid kommunes rike korps- og musikkliv med meir «brød og sirkus» i nemnde område. Musikk, sang og anna underhandling, telt, salgsboder med mat og anna har eg stor tru på for å få til eit meir levande sentrum. Arr. kan gå på omgang mellom lag/org. for underhaldning og inntekt. Får ein til små og store tilbud for unge og vaksne i dette området, møter folk opp!! Butikkane må sjølvstøtt involverast for pangtilbud på slike dagar. Kommunen kan kjøpe inn telt som toler å sto oppe i Parken heile sommaren, gjerne med kameraovervåking dersom ein er redd for hærverk.
- Ikkje gjere forskjell på folk. Ikkje la dei som sitter i administrasjon og kommunestyre for øvrig, få bestemme ut i frå egeninteresse.
- Kommune sammenslåing med Ulstein. Time ekspresen via Hareid/Ulstein. Skole, helse, økonomi, eiendomskatt, svømmeundervisning, gang og sykkelsti til øvrasanden, kryssing av riksveg for myke trafikanter, reguleringsarbeid, Hareidsmyrane industri område, Holstadkrysset, rimeligere hurtigbåt, kollektivtilbud lørdag og søndager.
- Utbedring av vei og gater med asfalt
- Begynne å høre på innbyggjers. Bedre jobbtillbud. Bedre tilbud til unge vaksne/ungdom som ikkje er sport, f.eks bilmekking.

- Finfin kommune å bu i
- Eg synes rett og slett at politikarane må høyre på kva folk sei, og ikkje forringe eigedomen til folk!
- Bevilg meir penga til helse og omsorg.
- eg synst at kommuna kunne spare pengar ved å lytte meir (demokratisk) til folket istaden for dyre konsulenter og konsulentjenester
- Lytt til dem som bor litt utenom sentrum. F.eks. fartsgrenser på veier og fartsreducerende tiltak før det skjer en ulykke og reparere nedkjørte veier.
- Bord til benker rundt om i sentrum. Lage det koselig i åsendalen park område so det ser fint ut å gå ned om å sette seg på en benk .
- Det er kjekt med naturlege møteplassar og eg gler meg til biblioteket er ferdig og utsalget til mjøl og meir kjem. Veit ikkje kvar det er planlagt, men håper det er i området rundt helsehuset slik at dei som er på besøk med tannlege og nav frå også andre kommunar kan stoppe igjen i hareid og kanskje då også sjekke ut andre butikkar i hareid. Dei tilsette på helsehuset treng mat og slik kan no det bli lønsamt for mjøl og meir. Supert med tiltaket som også gagnar dei som fell utanfor arbeidslivet. Håper også at området i parken blir laga til som ein god møteplass for bygdafolket i alle aldera, gjerne med treningsmuligheiter.
- Føler at det den siste tida har vakse fram ei positiv haldning i kommunen. Takka vere mellom anna blomsterurnene i sentrum, adventstjerna i Melshornet og ikkje minst rotarystien med dei muligheitene som den gir befolkninga har det blitt meir samhald i kommunen.
- Legge meir asfalt lage ferdig område rundt Overåsanden Utvide vegen inn mot Hjørungavåg
- Ferdigstilling rundt Ovrásanden Gangveg inn til Raffelneset utviding av vegen Ovrá Liavåg
- Ønskjeleg med avfallsboksar/ -dunkar ved friluftsområda som Rotarystien, der folk ferdast mykje også med hundar.

- Kafe, andre butikker enn mat, quiz,
- Se alle som bor i kommunen. Utbedre slitte veier og gangveier. Meir fokus på kultur
- Eg synest at kommuna må prioritere vedlikehald av eksisterande byggmasse for å forlenge levetida av denne og å hindre stort verditap. Eg synest også at innleigde aktørar for snøvrydding gjer en alt for dårlig job!
- Forslag dere ikke lesar eller tar til dere, nei takk. Brukar ikkje tiden min på slikt.
- Ønske SVÆRT STERKT : GANGFELT ved "Bunnpris"
- Kommunen kunne gjerne ha lagt til rette for koronavennlig samvær med andre menneske under pandemien, da spesielt opplegg for barn og unge. Ønsker oss rundkjøring der det nå er kryss v. Gnist bhg.
- Det er veldig mykje bra dugnadsarbeid og arbeid på frivillig basis, for både barn og vaksne. Dette er i stor grad med på å gjere Hareid til ei god kommune å bu i. Må legge til rette for at Mjøl og Meir får ein fin plass å vere. Legge til rette for at etablerte bedrifter vil fortsette å vere på Hareid. Legge til rette for godt breiband i alle deler av kommunen.
- Må ikkje legge ned sykehjemsplasser og stenge ned dagsenter.
- Nei til eigedomsskatt av bolig og fritidseigedom!!! Ja til utsiktspunkt og evt.veier dit!!!
- Prioritere å halde vegane ved like.
- En siste avfallsdunk til glass og metall, dette er noe en finner mye av i kommunen, kanskje det kan bli mindre avfall dersom en har mulighet å sortere det utenfor døren sin. Ønskelig med bedre håndtering av offentlige søppeldunker (td.badested)
- No har parken vore planlagt så lenge at det er på sin plass at det blir tatt ei beslutning om at denne ferdigstilles

- Overordna planlegging av sentrum og nybygg, slik at der vert harmoni. Kafe og klesbutikker vil skape eit sentrum der folk ferdes meir, og gjere at ein slepp å kjøyre så ofte til Ulsteinvik for å handle. Eit kjøpesenter i sentrum med fleire butikkar og kafe o.l., vil dekke mange behov og gjere Hareid til ein mykje meir attraktiv stad å busette seg. Viktig at politiske krefter samarbeidar med næringslivet for å få gjennomført dette. Eit større sentrum med fleire tilbod vil sikre Hareid aukande folkevekst! Det er også viktig å utvikle krinsane med hustomter og sikre barneskulane og fritidstilboda der. Dette vil gjere at Hareid kan tilby eit større mangfald til nye innbyggjarar! Folk vil helst flytte der trivselen er størst!
- Kan desverre på dessa spørsmåla.
- Det verkar som at nokon i kan fare fram slik dei vil utan at det får konsekvensar, men andre må følge lover og reglar
- Eg bur nær pleietrengende personar, og kjenner også til eit barn som treng vanføre-hjelp. Eg er imponert over den hjelp og oppfølging dei får.
- Hareid kommune eig store deler av Melshornlia /Plassene og kan legge ut tomter billigere en andre felt og det er sentrumsnere tomter med topp utsikt og kveldsol.
- Det sit for mange tilsette i leiande stillingar i administrasjonen som IKKJE har tilknytning til Hareid kommune. Dette medfører at dei ikkje "brenn" for Hareid og den jobben dei skal gjere for oss.
- Flere møteplasser for småbarnsfamilier. For familier i etableringsfasen er det en utrolig dyr kommune å bo i. Høye kommunale avgifter og eiendomsskatt, i tillegg kommer et dyrt barnehagetilbud. Ser man på hvor mye man betaler til kommunen iløpet av et år er tilbudet man får tilbake relativt dårlig. Forslag til forbedring: senk de kommunale avgiftene og barnehageprisene, da får dere mer fornøyde beboere som kanskje er villig til å strekke seg litt lenger.
- Ver meir aktiv på sosiale medier, ta i bruk fleire plattformer slik at dykk når flest mogleg. Kan bli travelt for unge og sjekke Facebook eller nettsida. Instagram? Likar godt at skulehelsetjenesta har Snapchat. Det er positivt! Synes også det er litt trist at kommuna blir meir modernisert.

- Meir asfalt. Mange dårlige småveiar
- Eg trives bra i kommunen, likar mogeligheita til å nytte meg av naturen. Er veldig fornøgd med helsetenestene eg har nytta meg av.
- Mykje bråk av store kjøretøy i byggefeltet Geilane, i forbindelse med nytt byggefelt. Mykje støv på hus og møbler ute, kan ikkje male på grunn av alt støvet.
- Krysset på Holstad må gjerast noko med snarast, før det går liv. Her er det direkte farleg for mjuke trafikantar, og når mange av dei er ungdoms- og vidaregåande-elevar, er det minimalt med refleks i mørketida.
- Gå inn for å slanke administrasjonen på rådhuset, minske bruken av innleigde konsulentar som skriv timar med gaffel, Satse meir på vedlikehald av eksisterande bygningsmasse framfor å bygge meir nytt
- No er det ungdommen utenfor idrett som må prioritetast. No har kommunen ein ypperlig tjangs til å utvide fritidsklubben ved å la dei overta lokala til det gamle biblioteket.
- Vi har eit stort potensiale i sentrum, parken, aktivitetar i miljøgata. Vi har mange positive folk som gjerne bidreg dersom nokon tilrettelegg. Vi kan spele på folka i kommunen vår, Hareid er unik i så måte, kulturbygda Hareid. Samkøyr prosjekt på kryss av det tradisjonelle. F.eks. kan spreke pensjonistar, nye borgarar på Ressurssenteret, utføre som ønskjer å bidra ut frå helsetilstand - bidra på oppdrag for kommunen? (Holde miljøgata rein for søppel, stelle plantefelta i miljøgata, bidra med anna forefallende arbeid "vaktmester-oppdrag" i sentrum? Trafikkvakt ved barneskulen vinterstid, utallige farlege trafikksituasjonar i mørketida, osv osv)
- Eg trur det hadde vore nyttig om ein innledningsvis i denne undersøkelsen ba innbyggjarane å sjå vekk frå den situasjonen vi har hatt i kommunen det siste året - ref Covid-19. Når ein besvarer ein undersøkelse vil dei fleste vere farga av dagen i dag og næraste fortid - ikkje lett å svare positivt på at Kulturtilbodet i kommunen er godt då... og om ein føler at det sosiale i kommunen er godt... Derfor er eg redd at denne undersøkelsen ikkje kan samanliknast med den som vart teke for nokre år sidan.

- Strengere kildesortering på arbeidsplassane, vere meir offensiv. Vere eit positivt forbilde på gode val for miljøet.
- Lokaler til kulturarrangement. Kafedrift. Kontinuerlig overnattingstilbud. Vere pådrivar til etablering av eit mangfaldig forretningstilbud.
- Stort sett godt fornøgd med kommuna mi og den utviklinga som har vore siste 2 åra, eg har tillit til politikarane, men må sei eg synast det er ille at ein ikkje fylgjer opp utandørs universell utforming for dei som treng f.eks rullestol, rullator mm.
- Stor lekeplass til barn utenom barnehage.
- Forbedringer utenfor sentrum
- Lykke til i arbeidet med å legge til rette i små og store oppgåver slik at kommunen vår kan verte ei foregangskommune i denne delen av Sunnmøre!
- Bør få utflyttarar til å forstå at det er mogleg å bu her og å pendle. Bør fokusere på nærleiken til Ålesund, og prøve å styrke kollektivtilbod og samferdselsveggar dit. Der er eit større spekter av jobbar der i området. Det må vi innrømme. Finn historier om vellukka tilbakeflyttingar og spre desse.
- Kommuna skal vere Servicekontor for folk og næringar, og skal Legge TIL RETTE FOR aktivitet - IKKJE drive virksomheit på innbyggjarane si bekostning (opparbeiding og subsidiering av tomter/bygg/eigedom). Det er igjen spørsmål om OPPDRETT langs dei begrensa strandlinjene som er i kommuna. Få ut FAKTA informasjon om realitetane i slike inngrep. Dei er enorme, mykje større enn kva som synes på havoverflata. Dette er REKREASJONS-OMRÅDER på lik linje med FJELL, SKOG og MARK.
- Redusere eiendomsskatten til den opprinnelige satsen. Ikke alltid la helse og omsorgsetaten lide for nedskjæringer i kommunen. Invitere privat storkapital til gode utbyggingsprosjekter i kommunen.
- Omstendelig på kommunehuset, ting tek tid.

- Hovudvegen er støyande og travel. Dette hadde vorte ein rolegare stad å bu utan denne vegen.
- Saknar svar når eg sender e-post til f.eks teknisk etat
- Hareid Kommune er bra å bo i.Litt bekymra for nedskjering på Hadartun.
- Og ikkje bygg ned eldreomsorga, sjukeheimsplasser, etc. Og behald grendaskulane.
- Steder for ungdommen. Eldretreff for sosiale aktiviteter - kor og kristelige møter er ikke interesser som alle deler.
- Eg heiar på Hareid og vil dette skal bli ein endå betre plass å bu!
- Savner virkelig en kafé og gjerne en pub/uteplass med levende musikk eller discotek.(slik som hareid hotell hadde i under etasjen) det har eg og mange andre savna i mange år.og en stor fin lekeplass for alle barna vår.
- Snakk positivt om Hareid, heimlassen din, eller hald det for deg sjølv! Det er den beste og einaste måten å skaffe seg fleire og nye naboar på!
- Kommunen må ta inn hjelp til grøntanlegg om sommeren - ikke her det skal sparest penger- dårleg omdømme/inntrykk feks opp imot turister og andre besøkende.
- Bl.a klargjøre for tomtsalg på Røyset (i skogen på oppsida av vegen ved Ingmar Røyset) Denne skogen eig Hareid Kommune og burde bli eit svært populært buområde no når vann og kloakk er framlagt. - Vere kritiske til utbyggere som vil kjøpe sentrumsnære tomter dersom dei berre vil bygge "vanlige" boliger og kun tenke egen profitt. - Videre.. ALLE som jobber i den kommunale administrasjonen må prøve å effektivisere seg - Ledelsen må motivere - prøve å få mest ut av dei kronene kommunen har å rutte med. Ikkje minst må økonomiansvarlig ha eit overblikk over effektiviteten og timeforbruket til innleide konsulenter og innleide tjenester ute i kommunen.
- Kommunen må støtte opp om bygging av ny barnehage i Hjørungavåg. Kommunen må framskynde nytt byggefelt i Hjørungavåg (Pilskog/Nedrelid) . Kommunen må gi økonomisk støtte til Vikingparken i Hjørungavåg. Hjørungavåg har eit stort potensiale både som buplass,

industri, naturopplevingar og turisme. Dette må kommunen ikkje gløyme i sin iver etter å skape eit sterkt kommunesenter.

- Meir leikeplasser /aktivitetar for barn. Spesielt nå når vi skal holde oss heime i en pandemi
- Kommunen har svikta totalt i psykiatrien, og pårørende får heller ikkje oppfølging på ein god, hensiktsmessig og trygg måte. Ein føler seg utrygg.
- Mange av spørsmåla høver dårleg for året som har gått, der så mykje har vore nedstengt. Svare gjev dermed ikkje eit rett bilde av nivået i kommunen.
- Ei særdeles god kommune å bu i.
- DYKTIG KOMMUNE GARTNAR sentral i høve til bulyst og må ha større budsjett. OG rydde mot sjøen(sjå punkta over)ALLE kommuner i dag har god service med utdanna folk. MEN SENTRUM på HAREID ser ut som slum, forstår ikkje , dette er SAMTALE EMNE, at HAREID kommune ikkje styrker KOMMUNEGARTNAR med solid økonomi(handlingsrom) , avgjerande for belyst at sentrum er estetisk utforma og stllt. Grusomme ustllte bed. FYRSTEREISGUTEN vanstllt. Gå på « outsoursa» tenesteytarar, om det er overlatt til statens vegvesen, stille krav. Pent og ryddig sentrum gir belyst og dugnadsenergi. Det er her kommunene verkeleg konkurrerer i bulyst.
- Veldig bra at helsehuset no er på plass. Strålande med det nye biblioteket der. Veldig flott med oppgraderinga av Kjøpmannsgata. Det er bra for heile familien. Også stas at Coop bygde nytt.
- Heilt på ræva når dei tillet oppdrett av laks
- Hareid kommune treng eit omdømme-løft. Her bur for mange innbyggjarar som kun sitt og surmular.
- Se kommentar over- STOR skatepark der små og store kan samles, skape samhold og vennskap de har med seg for resten av livet. Skikkelig betongpark krever svært lite vedlikehold. Tips: sjekk ut Kragerø sin skatepark...

- Ønsker å ha ein plass der man kan sleppe lause hundar. F. Eks i den inngjerda gamle leikeplassen ved rådhuset. Dei leikeapparata er farlege for borna no. Dei er oppråtne og har skarpe gjenstandar. Ønsker også at fleira av dei gamle leikeplassane på ytrr Hareid blir restaurert slik borna har ein plass å vere i nabolaga og slepp å fare ned til sentrum der det er meir utrygt for barn i tidlig skulealder.
- Hareid kommune er ei alt for dyr kommune å bo i og det er nesten slik vi vurderer og flytte her i fra. Mitt forslag er at dere senker Eigendomskatten, Kommunale avgifter, Barnehagepriser, billgere og kanskje tilogmed GRATIS Renovasjon. Hadde renovasjonen vært gratis hadde det kanskje ikkje våre så mykje forsøpling her om kring
- Vi bur nær Hareidsvegen derav har eg kryssa av for støyplager. Hareid kommune er ei god kommune å bu og vekse opp i. Men vi må få meir industri og bedrifter hit. Positive ting virkar å vere på gong. Vi må unngå å hamne på Robek lista igjen.
- Senke eigendomsskatten og kommunale avgifter
- Kommunen kan innføre mulighet for å betale kommunale avgifter hver måned.
- En må aldri glemme at, er man ansatt i kommunal teneste så er man til for innbyggerne, og ikke omvendt.
- Hareid Kommune er i spennende utvikling ! - og det kjennes godt at kommunen gjennom kommunikasjon klarer å formidle til omverden, -også utanfor kommunen, -alt det positive som skjer i Hareid !
- ingen spesielle.
- Bygda er ikkje tjent med å integrere ny ungdomsskule i innovasjonshuset i sentrum. Ny eller kraftig opprusta ungdomsskule bør ligge der den er for å skape eit heilskapleg miljø med saman med anlegg for idrett og sport. Innovasjonshuset i sentrum kan gjerne innehalde nytt kulturhus
- Få fleire uformelle møtestadar der innbyggerane kan møtast på tvers av alder og kultur. Sørge for eit sentrum med mykje liv, der det er triveleg å ferdast. Planlegge heilheitleg. Planlegge med mennesket i sentrum, ikkje bilen. Legge til rette for betre tilgang til hamneområdet også med tanke på

trivsel og rekreasjon for innbyggjarane. Sørge for at sentrum ikkje blir forringa både lyd-, lys- og synsmessig av kjempesvære skip. Sørge for at nybygg ikkje forringar sentrum estetisk (eksempel: det nye Coop Extra).

- Positivt med det som skjer i sentrum . Håper at det blir fullført,samt den parken som er planlagt ned til sjøen mellom Elon og Intership .
- Dyrt å bu og eige bustad som einsleg forsørgar...
- Kommunen må få på plass en skate/rulle park i sentrum ala slik som den i Volda.
- Hareid kommune har folkevalde som manglar kompetanse dei burde ha når dei tek på seg en slik rolle. Administrasjonen har liten eller ingen evne til å drifte kommunen, dette ser en berre på hvordan dei driftar kommune alt som blir gjort har overskridingar i høve budsjett, og at fleire av lederane stadig prøver og søke seg vekk i fra Hareid. Rett og slett tragisk å sjå på gongløysa!
- Tiltak for å få dei unge som fell i frå ut i arbeid.
- Ellers så har vi det bra,,berre deivi held frastegspartiet utanfor ordførarstolen
- Holde sine løfter og ta vekk eigedomskatt som først vart lovd ,i staden så blir den økt når det oppstår uenigheter .Redusere også kommunale utgifter .
- Å ikkje tilby sommarjobb (utanom i omsorg) til ungdom i kommunen er eit veldig dårleg signal, med tanke på omdømme og vise at ein prøver å gi støtte til ungdommen.
- Eg synest det har skjedd mykje positivt i kommunen dei siste åra, så vi er på rett veg. Hareid Kommune er ei flott kommune å bu i.
- Skulle hatt ein kafé/møteplass for voksne personar. Saknar og ein uteplass/bar.
- Hareid kan bli ei bedre bo kommune, med sein hurtigbåt fra Ålesund til Hareid fredag og lørdag. Feks kl.01:30 fra Ålesund.

- det er nok for tidleg å konkludere prosjektet miljøgata/helsehuset/rekreasjonsområdet vidare ned mot fjorden. miljøgata virka heilt daud. kanskje eitpar ungdomar heng der million-syngesteinen er eller sin familie leikar litt med treningsapparata, men ellers heilt daudt. få handlar der og færre oppheld seg der. kanskje det betrar seg når coop og helsehus er ferdig, men eg tvilar på heile miljøgata. rekreasjonsområdet ned mot hamna kan kanskje vege opp litt og bli til eit område folk oppsøker.
- JA anbud på kommunal jobber
- Håper dere i kommunen legger ett fornuftig budsjett på vedlikehold på helsehuset, miljøgata å 1000års plassen i åra som kjøme .dette må vi som bor i hareid å betaler eigendomskatt av ha krav om blir tatt vare på. eigendomskatten er i seg sjøl ei skamm. kommuna har brukt meir penga en det som kjøme inn, å forventa att eigendomskatten skal dekke dette. Ta dokke sammen Hareid ;)
- Fortsett å gjer Hareid penare. Bygg Hafast. Fjern eignedomsskatt.
- Utvide areal og åpningstider på ungdomsklubben.
- Gangsyn og tenke på innbyggjarane sitt beste.
- Godt butikktilbud mtp størrelse av kommune, hadde gjerne hatt tilgang til en stor "supermarket" men kan ikke forvente seg det i en kommune av denne størrelsen. Samme med restaurant og "uteliv" helt ok mtp størrelse, kunne gjerne hatt flere skikkelige restauranter og derfor bruker jeg ikke de tilbudet som er der i dag. Men kan ikke forvente seg storbytilbud i en liten kommune :)
- Vi treng eit innovasjon senter for å skape meir liv i kommunen.
- Trur det over kan gjelde også som kommentar.
- Stort Ønske med GANGFELT over fylkesvegen ved Bunnpris. + Kor vert det av feiaren ? Mange år sidan sist feiing som me betalar på kvart år . Kommunen STJELER penger frå oss med dette som ikkje vert gjort. MANGEL PÅ OFFENTLIGE TOALETT ved kaiområdet.

- Set stor pris på infomøta som har vore vedr kommune/næringsliv/utvikling/nytenking.
- Bedre oppfølging og tilrettelegging for barn og ungdom. Her er ingenting for dei som intrisera seg for motorsport, dette er ei stor gruppe som ramler uttafor og blir glemte.
- Utfasing av industri/ferjekai i sentrum. Bygge flere større sentrumsbygg/leiligheter. Bedre/legge om/enveis køyring vei til/fra barneskole.
- En må få bedre styring på de ulike prosjektene, slutt på bruk av konsulenter i hytt og pine. Ansette kompetente folk og bli kvitt dei som bare suger av karmellen.
- En park med en scene for folk der du kan møte, hvile og av og høre på noen konset .
- Det er reint og uberørt natur , fjell , sjø og vatn som er kommuna sitt fortrinn for å få ungdommen heim igjen. I tillegg til gode nærskular og gode oppvekst vilkår, tomter i krinsane og arbeidsplassar .
- Etablere kommunale tomter i Bigset krins fremfor å bygge ned dyrka mark nærmere sentrum (Holstad).
- Det burde blitt lyst ut forslag til aktivitetar i hareid sentrum som lokkar innbyggerane ut i Hareid sentrum.
- Regelmessig slike undersøkelser
- Hareid har eit enormt potensial - og samtidig store (økonomiske) utfordringar. Målet framover må vere å styrke fellesskapskjensla blant innbyggjarane - og lysta til å bidra til å byggje opp bygda i staden for å berre forvente at kommunen skal «fikse ting» for dei - her må ein drage lasset i fellesskap! Framsnakking må til, bygdedyret og dritslenging må slåast hardt ned på. Ein heilskapleg plan for vidare sentrumsutvikling bør også på plass. Kva med å hente fram igjen det gamle sjøbuduttrykket mot sjøkanten? Kan dette bli leilegheiter? Også til utleige for turistar? Butikklokale? Ungdomskafé? Eller til og med barnehage? Utsikta frå Hareid over Storfjorden og Sunnmørsalpane er unik - denne må vi forvalte godt vidare. Og PS. Ikkje bygg igjen Åsendalen med Innovasjonssenter.

Legg det heller ein annan sentral plass. Vi treng grøne lunger og møteplassar i det fri, med ei scene/paviljong her får vi ein nydeleg stad både til konsertar, marknadsdagar, folkemøte, julegrantenning og anna.

- Største negative oppleving var trusselen om nedlegging/omgjering av sjukeheimplassar. Takkar for att det vart stoppa.
- Slutte bruke penger på ting som ikke er nødvendig feks tusenårsplassen, å heller bruke penger på sykehjemmet.
- Ikkje røyv barneskulen på Hjørungavåg!
- Eg trur at diskusjonen rundt budsjettet var nyttig for innbyggerane. Fint helsesenter, sentrum kan bli veldig flott, må få på plass ergoterapeut snarast og gjere slik at personen held ut lenger enn nokre år. Viktig å oppretthalde fokus på gode tenester og gode arb.forhold for dei tilsette som jobbar m barn, ungdom og eldre spesielt.
- Altfor mykje bruk av dyre konsulentar med dårleg resultat. Sløsing med offentlege midlar som gjev kommunen eit nytt push mot Robek. Parkeringsreglar/avgift som gjer at folk utanfrå spør om dei er uønskte i Hareid. (skulle tru Hareid var storby)!
- Kommuna bør arbeide for å få ned fergeprisane.
- Det må gjøres klare masse tomter i kommunen, ja i alle bygder, så folk kan velge selv hvor de skal bu. Vi må ha flere som flytter til Hareid og da må kommunen selge tomter til en redusert pris. Skal være billigere å kjøpe tomt i Hareid enn i Ulstein. Det må også være billig å bruke barnehage skal ungdommen flytte til Hareid. Hareid kommune må fjerne eiendomsskatten.
- Flere møtepunkter for unge, og større og flere lekeplasser/parker for barn. Jeg savner å ha en park i kommunen.
- Det er tvilsamt om kommunen har stor nytte av dei førehansproduserte spørsmåla i denne undersøkinga. Utan å vite noko om kva byrået kostar, vil det vel kanskje likevel vere naudsynt med slike uforpliktande svar å la ein tippekupong då det truleg er få som vil bidra med konstruktive seriøse bidrag som er sugd av eige brøst. Hareid kommune er i vanry blant innbyggerane og blant nabokommunane. Dette skal ein ikkje gå mange

skritt før ein høyrer. Sitjande ordførar har ein strid jobb, men har potensiale i seg som folk har tru på. Han må vere synleg på fylkesplan og meir sentralt.

- Ansette kompetente personell i nøkkelstillinger.
- Spesielt innan "teknisk etat" opplever eg lite imøtekomande haldningar. Her bør kundeorienteringa betrast munaleg. Må tilstrebe betre kommunikasjon i saker mellom teknisk og innbyggjarane. Har opplevd haldningar som eg vil karakterisere som "katastofale".
- Trengst meir ressursar til sosiallærar/helsesøster for at læraren først og fremst skal få drive undervisning i klasserommet, og for å hjelpe elevar til å styrkast tidlig (!) med sosiale vanskar skuleforløpet. (Merkast at det har blitt satsa på tidleg innsats på faglege områder dei siste åra, noko som er svært bra!)
- Denne snøbrøytinga har skrapa vekk en heil masse asfalt. Det er fint med måking, men KJÆRE FOLK kan vi få beholde litt asfalt igjen !!!!! Det ligger store asfalt klumper i alle grøftkanter.
- Trudvang/fantehuset står for fall, men ha ei erstatning for folk å samlast. Restaurant og uteplass/kafe. Utvikle resten av kommunen og ikkje berre sentrum. Ingen flyttar til Hareid for dei vil bo i ein by, da hadde dei valgt Ålesund eller Ulsteinvik, men folk vil ha eit bra sentrum og godt miljø. Uten for høy eiendomsskatt og andre avgifter. Finn og planlegg tomter for folk å kjøpe! Utvikle Ovråsandene til å verte enda større attraksjon. Tilrettelegge og planlegge hytte felt områder, Ovråsandene, Holesandene, utvikle vidare Almestranda. Lytt til dei eldre og hør deira tanka angående deira liv og oppleving. Det er rart att det alltid blir kutt hos dei eldre, når dei har kjempa og jobba for framtida vår, og husk at ein dag sitt kanskje vi på gamleheimen, som vi har bygd ned og kutta i alle budsjett.
- Det er godt og bu i Hareid :-)
- Eg er oppvaksen og trivast på Hareid. Men usikker på om eg hadde trivdes so godt med å vere tilflyttar hit. Får framsnakke oss sjølve.. men ja vi har mykje å gå på. Heia Hareid!! :)
- Bra at kommunestyret hindra (foreløpig) nedlegging av sjukeheimsplassar. I sentrum av Hareid er det uhorveleg mange parkeringsplassar, og langt over halvparten står tome det meste av tida, er dette rett disponering av

sentrumsareal? Lite imponert over kommunen sitt planarbeid. Det verkar til tider som om toppadministrasjonen i kommunen har lite kjennskap til kommunen, kanskje fordi dei fleste verken bur i eller er frå kommunen?